




Innmarksbeite

Når ein skal oppgje arealtal i samband med tilskot skal det vere i samsvar med definisjonane i markslagsinstruksen, slik det er nemnt i rettleiingsheftet for søknad om produksjonstilskot i jordbruket frå Landbruksdirektoratet.

I arealressurskartet (AR5) vert arealet delt inn etter definisjonane i klassifikasjonssystemet for AR5 (markslagsinstruksen). Denne gjeld for heile landet. Jordbruksarealet vert delt inn i fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Det er desse arealkategoriane som vert brukt i søknad om arealtilskot i jordbruket. Det er også den same inndelinga som vert vist på gardskart.

Innmarksbeite er den arealtypen det oftast er knytt spørsmål til, og som vert omtala nærare her.



Innmarksbeite med frodig grasdekke og spreidd tresetting.

Foto: Johnny Hofsten



Innmarksbeite med godt grasdekke og ein del stein i overflata.

Foto: Kjetil Fadnes

Krav til innmarksbeite i AR5

Innmarksbeite er jordbruksareal som kan brukast til beite, men som ikkje kan haustast maskinelt.



Eit innmarksbeite skal ha gras og urter med god fôrverdi som dyra sjølv haustar ved beiting. I tillegg skal det ha eit tydeleg kulturpreg.

Kulturpreg inneberer at arealet skal ha grasrik og engliknande vegetasjon. Arealet kan ha glissen tresetting der trea er oppkvista.

Arealet skal også vere rydda for kratt og hogstavfall, slik at det er godt tilgjengeleg for beitedyr.

Bildet viser eit nyrydda areal. Både det opne arealet og arealet eit stykke inn i bjørkelunden held kravet til innmarksbeite.

Foto: Ragnhild Sperstad

Minst 50 % av arealet må vere dekkja av kulturgrasartar og beitetålande urter. Med kulturgras meiner vi artar som vert fremma av kultivering som beiting fører med seg (avbiting, tråkk og gjødsling). Eksempel på slike artar er engkvein, rappartar og sølvbunke. Grasartar som smyle, finnskjegg og blåtopp vert ikkje rekna som kulturgras. Døme på beitetålande urter er kvitkløver, ryllik og løvetann.

Arealtilstand, ikkje bruk

Arealressurskartet AR5 skal vise arealtilstand, ikkje arealbruk. Det betyr til dømes at eit areal framleis kan klassifiserast som fulldyrka jord sjølv om det er i bruk som beite. Eit anna døme kan vere eit areal der skogen er hogd ned, det er satt opp gjerde og det går beitedyr. Det er ikkje nok at arealet vert brukt til beite. Arealet skal ikkje klassifiserast som innmarksbeite før det tilfredsstillar krava til kulturpreg og dekke av kulturgrasartar og beitetålande urter.



Bildet viser en hogstflate som er tatt i bruk som beite. Arealet er dominert av smyle. Dette er eit utmarksbeite, ikkje innmarksbeite.

Foto: Yngve Rekdal

I arealressurskartet vert innmarksbeite avgrensa uavhengig av eigedomsgrenser, kvar gjerdet går, eller om arealet er i drift.

Innmarksbeite med rett på arealtilskot

For at eit innmarksbeite skal gje rett til arealtilskot, må det både vere klassifisert som innmarksbeite i AR5 og vere brukt som beite i inneverande sesong, jamfør reglar for produksjonstilskot frå Landbruksdirektoratet.

Kart må haldast oppdatert

Endringar som skjer i terrenget må også gjerast synlege i kartet slik at det gjev eit riktig bilde av dei faktiske forholda. Ved feil i karta er det alltid kommunen som skal kontaktast.

Venleg helsing
Norsk institutt for bioøkonomi
www.nibio.no

På nettsidene finn du også karttenesta [Gårdskart](#).

Les meir om klassifisering av AR5, innmarksbeite, kulturgras og beitetålande urter hjå [NIBIO](#).

Har du spørsmål til karta, kontakt oss på e-post gisdrift@nibio.no eller på telefon 406 04 100.